



Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

## Høyringsfråsegn til NOU 2011:3 Kompetansearbeidsplassar – drivkraft for vekst i heile landet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF) ser det som positivt at Regjeringa har sett merksemd på temaet gjennom ein eigen NOU. Tal frå vedlegget til statsbudsjetta frå FAD (*vedlagd høyringsfråsegna*) syner at om lag 29 % av alle statstenestemenn i 2010 var lokalisert til Oslo fylke. Sogn og Fjordane har til samanlikning om lag 1/5 av Oslo sitt folketal, men berre 1 % av landets statstenestemenn (jf. vedlegg).

Vedlegga til vår høyringsfråsegn syner vidare at talet på statstenestemenn i Sogn og Fjordane i perioden 1.3.2000 til 1.3.2010 auka med om lag 1 %. I same periode var tilsvarande auka i talet på statstenestemenn i Sør-Trøndelag ca. 43 % og i Troms ca. 29 %. Universitetsbygginga i Trondheim og Tromsø står truleg for ein del av forklaringa på den kraftige veksten i desse to fylka. Auken i Oslo var i same periode 17 %. Jamt over kjem Sogn og Fjordane vesentleg dårlegare ut enn dei fleste andre fylke.

Høyringsframlegget inneheld mange gode framlegg til tiltak. FMSF meiner likevel perspektivet "samspel mellom personar og organisasjonar/verksemdar" er underkommunisert i høyringsdokumentet, og kommenterer det under eiga overskrift. Vi ønskjer elles å gi innspel og kommentar til ein del av dei føreslegne tiltaka som vi for vår del finn særleg aktuelle:

- Tiltak B og C: "*Prioritere infrastrukturtiltak som utvider og/ eller kobler sammen regionale arbeidsmarkeder*"

Ifølgje høyringsnotatet er 5.000 personar nytta som referansetal for kva som utgjer kritisk masse i ein attraktivt arbeidsmarknad. Trygg og effektiv kommunikasjon mellom regionsentra og kringliggjande kommunar er såleis eit viktig innsatsområde for å oppnå dynamiske arbeidsmarknader og kompetansearbeidsplassar utanfor hovudstadsregionen.

Vi er samde i utvalet si vektlegging av investeringar som kan betre samferdsla internt i arbeidsregionar, for på den måten utvikle meir robuste regionale arbeidsmarknader. Tradisjonelt har rask og effektiv transport til/frå dei store byane (mellom produksjonsstad og marknad) vore sett på som eit av dei aller viktigaste tiltaka for næringslivet. I eit kunnskapsorientert arbeids- og næringsliv vil bu- og arbeidsregionar med effektive transportsystem internt vere vel så viktige konkurransefortrinn som evna til å transportere varer og tenester over lange avstandar. Det er viktig at samferdsleplanlegging ikkje berre handlar om vegar, men òg om korleis det kan etablerast effektive kollektivtransportsystem.

- Tiltak E: *"Ved opprettelsen av nye statlige arbeidsplasser bør man velge lokalisering i regionale sentra som bidrar til å utvikle robuste arbeidsmarkeder"*

Vi meiner det er viktig å skilje mellom etablering av nye eller flytting av eksisterande arbeidsplassar, jf. nivåinndelinga på s. 97. Høyringsdokumentet syner til evalueringsrapporten for flytting av statlige verksemder (*Asplan Viak mfl. 2009*). Utvalet poengterer at denne evalueringa ikkje fangar opp langtidseffektane for dei aktuelle regionane, og at det er vanskeleg å måle effektane ved flytting til byområde. Vi seier oss samd i desse vurderingane, og meiner difor langtidseffektane for lokal og regional utvikling bør undersøkjast nærare.

Den omtala evalueringsrapporten omtalar i pkt. 10.1 multiplikatoreffekten, som presiserer at *"den endelige veksten i arbeidsplasser blir større enn antall arbeidsplasser knyttet til virksomheten som etableres"*. Rapporten konkluderer med at *"ringvirkningene målt ved multiplikatoren er relativt beskjedne"*, og at multiplikatoren for den enkelte vertskommune er lægre enn for regionen.

Dersom vi ikkje misforstår vert multiplikatoreffektane knytt til verdien av varer og tenester som institusjonen står for, lokalt og regionalt. Dette er viktig nok, men ein får då ikkje med det dei tilsette som privatpersonar kjøper av varer og tenester. Mange av dei som vert tilsett vil ha sambuar/ektefelle og born. Ein må sjå på det samla omfanget av privat kjøp av varer og tenester. Den auken i etterspurnaden som familiare står for kan føre til auke i avansen/auka bemanning i eksisterande verksemder og til etablering av nye verksemder, og representerer såleis ein multiplikatoreffekt som kjem i tillegg til det som er nemnt i Asplan Viak sin rapport.

Vi er samde i at det er viktig å etablere nye statlege arbeidsplassar, anten det no er institusjonar eller funksjonsområde – jf s 98 – på stader der arbeidsmarknaden er eller vil bli robust. Om det er fornuftig å nytte omgrepet regionalt senter er likevel ikkje opplagt. Det kan vere regionar der det ikkje er full konsensus om kva som er regionsenteret, men der tilhøva ligg til rette for etablering av statlege arbeidsplassar.

Større etableringar av statlege arbeidsplassar i Sogn og Fjordane har dei siste åra skjedd i Sogndal / Leikanger – jf boks 4.6 på s 88 – og i Førde. Det vert ofte hevda at statlige verksemder i distrikta har problem med å rekruttere tilsette med relevant kompetanse, men erfaringar frå både Førde og Leikanger har synt at dei nye statlege verksemdene der har hatt svært god tilgang på kvalifiserte søkjarar. Vi viser til høyringsfråsegna frå Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Vi meiner det bør utarbeidast ein overordna nasjonal strategi som definerer kva vurderingar og omsyn som skal liggje til grunn for lokalisering av nye statlige arbeidsplassar. Ein slik strategi må implementerast i sentraladministrasjonen, mellom anna ved at all planlagt vekst i direktorat og andre etatar vert vurdert plassert i statsetatar utanfor hovudstadsregionen. Det vil vere tenleg om denne strategien også tematiserer og rettar merksemd mot lokalisering av (spesialiserte) funksjonar og stadvhengige arbeidsplassar, jf. merknadene til tiltak F og G nedanfor.

- Tiltak F: *"Tilrettelegge for, og gi insentiver til, at lokalisering av ulike funksjoner innen statlige virksomheter kan skje utenfor hovedstadsregionen"*

Vi er positive til tilrettelegging for lokalisering av ulike funksjonar innan statlig verksemd utanfor hovudstadsregionen, då tiltaket kan vere med på å byggje opp sterke fagmiljø og kompetansearbeidsplassar.

Vi er mellom anna kjend med at Fylkesmannen i Hordaland har det landsdekkjande statlege forvaltningsansvaret for behandling av søknader om fengselsundervisning. Fylkesmannen i Sogn og

Fjordane har ansvar for fleire landsdekkande IKT-oppgåver, som fylkesmennene sine nettstadar og elektroniske løysingar for saksbehandling innan saksfelte fritt rettsråd og partistøtte.

Flytting av funksjonar innan statlige verksemder bør vere forankra i ein overordna nasjonal strategi for lokalisering.

- Tiltak G: *"Tilrettelegge systematisk for fjernarbeid og stedsuavhengige arbeidsplassar innen offentlig sektor"*

Vi meiner ei systematisk tilrettelegging for fjernarbeid og stedsuavhengige arbeidsplassar kan bidra til langsiktig vekst utanfor storbyregionane gjennom oppretting av nye arbeidsformer og ny digital næringsutvikling. Også ved etablering av denne type arbeidsplassar, vil det vere viktig med opne prosessar som sikrar at etablering i ulike regionar vert vurdert.

Publikasjonsregisteret Cristin ([www.cristin.no](http://www.cristin.no)) vil i løpet av 2011 bli utvida til å dekkje heile universitets- og høgskulesektoren, alle helseføretak og alle offentlig finansierte forskingsinstitutt. Ved opprettinga av Cristin fekk vertsorganisasjonen, Universitetet i Oslo, tilført 25 – 30 årsverk. Jamvel om IT-systema ligg i Oslo er ingenting i vegen for at arbeidsplassar som Cristin kan liggje i t.d. Florø, under føresetnad at tilstrekkelig digital infrastruktur er på plass.

Utvalet peikar sjølv på at statleg sektorisering er utfordrande når det gjeld koordinering av innsats knytt til omstillingsprosessar (s. 93). Vi er samd i dette, og har erfaringar frå eige fylke med at totalverknaden av statlege omorganiseringsprosessar kan gi veldig uheldige utslag. Det er oftast gode grunnar for dei endringane som omorganiseringsprosessane i kvar statsetat gir. For dei alle minste kommunane vert den samla verknaden likevel svært merkbar når statlege kompetansearbeidsplassar på td. Lensmannskontoret og skattekontoret vert borte på nokre få år.

- Tiltak J: *"Prioritere og øke satsingen på utbygging av høghastighets bredbånd over hele landet"*

Utvalet konkluderer med at tilgang på høghastighets breiband er *"en vesentlig forutsetning"* for lokalisering av kompetansearbeidsplassar og stedsuavhengige funksjonar. Det skjer no ein overgang til andre generasjons breiband i Noreg, og signal frå utbyggjarar tilseier at det berre er dei største tettstadane og næringsområda i Sogn og Fjordane som vil få kommersiell tilgang til andre generasjons breiband.

Dette mønsteret samsvarer med utbygginga av første generasjons breiband i Sogn og Fjordane, der kommersiell utbygging i hovudsak stoppa opp etter utbygging i dei største tettstadene og kommunesentra. Utbygginga av første generasjons breiband etter dette har i stor grad vorte finansiert ved statsstøtte og ved finansiering frå fylkeskommunen og aktuelle kommunar i fylket.

Den største veksten av kompetansearbeidsplassar skjer i privat sektor, og utbygging av digital infrastruktur er viktig for å sikre at private verksemder i distrikta får like konkurransetilhøve med verksemder i dei største byane. Utbygging av høghastighets breiband er difor ein føresetnad for auka verdiskaping innanfor både offentleg og privat tenesteyting i distrikta.

Utan tilgang til andre generasjons breiband vil både næringsliv og innbyggjarane bli liggjande etter resten av landet utviklingsmessig. Dei aller fleste verksemder som treng høg breibandskapasitet i dag kan kjøpe dette frå breibandsleverandøren sin, men til ein langt høgare pris enn konkurrerande verksemder i Oslo og andre storbyar. Manglande utbygging og prisregulering på høgkapasitets

internett er såleis eit konkurransevidande element for næringslivet i Sogn og Fjordane og andre distriktsfylke.

Post- og teletilsynet sin rapport "*Høykapasitetsnett – Utbygging og økt valgfrihet for brukerne*" (2010) syner at meir enn 90 % av næringsliv og hushald i Oslo i 2009 hadde tilgang til andre generasjons breiband, medan talet for Sogn og Fjordane var om lag 15 %. Vi er difor samde i utvalet si vurdering av at tiltaket må prioriterast høgt, og at statlige tilskot er nødvendig for å gjennomføre satsinga der utbyggingskostnadene er for høge til at kommersielle aktørar investerer i infrastruktur med stor kapasitet.

- Tiltak P: "*Legge til rette for god norskopplæring og mer effektiv godkjenning av eksisterende utdanning for innvandrere*"

Innvandrarar representerer ein vesentlig kompetanseressurs, som betyr mykje for arbeidskrafttilveksten i heile landet. Opplæring i norsk er viktig tiltak for integrering, og innvandrarar har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. NOU 2010: 7 *Mangfold og mestring* har ein grundig gjennomgang av feltet.

Det ligg etter kvart godt til rette for at norskopplæringa kan skje på nynorsk. Mykje av lærematerialet er omsett til nynorsk og den første versjonen av nettbasert opplæring kom på nynorsk. Dette er forbetra og omsett til bokmål.

Vi meiner opplæring på nynorsk er ønskjeleg i nynorskområda i landet. Det skjer til ein viss grad. Rett nok er det bokmål som vert mest nytta i media, men lokalt møter innvandrarar dialekt / nynorsk på arbeidsplassane, i fritidsaktivitetar innan idrett m.m., i skulesystemet, i det sosiale liv, i lokalaviser etc. Det er ei utfordring for familiar med born i skulen når borna får opplæring på nynorsk og dei vaksne på bokmål. Ei grunngeving for val av bokmål som ein ofte høyrer – bokmål er mest aktuelt fordi svært mange seinare vil flytte til bokmålsområde – blir lett ein sjølvoppfyllande profeti.

For svært mange innvandrarar går det fleire år før ein meistarar norsk godt nok i høve til utdanning og arbeidsliv. To tiltak kan vere aktuelle for å effektivisere dette:

- *Meir bruk av nettbaserte opplegg.* Dei nettbaserte opplegga gjer det m.a. mogleg å høyre korrekt uttale og å høyre si eiga stemme.
- *Vidare utvikling av pedagogiske opplegg.* Det kan t..d. vere aktuelt å vurdere om det er føremålstenleg å leggje inn meir intensive element i deler av opplæringa.
- Tiltak Q: "*Fremme kommunale utleieboliger som rekrutteringsvirkemiddel, gjennom å opprette en ordning gjennom Husbanken som avlaster kommunene for risikoen knyttet til bygging av slike boliger, forutsatt at kommunene selv tar initiativ til og legger til rette for en slik satsing.*"

Ifølgje høringsdokumentet pkt. 4.2.1 er "*hvor man får sin første jobb og etablerer seg...av avgjørende betydning for hvor man blir boende*". Etableringa av ei finansieringsordning for kommunale utleigebustader kan såleis vere eit positivt rekrutteringsvirkemiddel for auka tilflytting og busetnad på både kort og lang sikt.

Jobbtilbod i regionale sentra gir også grunnlag for auka busetnad i kringliggjande kommunar. Det vil difor vere tenleg om regionale sentra og kringliggjande kommunar i samspel arbeider fram gode løysingar for å styrkja bu- og arbeidsmarknadene gjennom ein auka tilgang til utleigebustader.

Vi vil her vise til kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal (alle i Indre Sunnfjord), som blir rekna som eit samla bu- og arbeidsområde. Desse fire kommunane har til saman om lag 20.000 innbyggjarar, og har gjennom eit interkommunalt plansamarbeid etablert eit felles rammeverk som syter for at (nærings- og) bustadsutvikling heng saman på tvers av kommunegrensene.

Meir informasjon om desse initiativa og regionen kan hentast på kommunane sine nettsider, samt på <http://snu.sunnfjord.no>, som er næringslivs- og reiseapparatet for kommunane og næringslivet i regionen.

- Generell kommentar tiltak T, V og W:

Universitet og høgskular (UH) er nemnde i alle desse tre punkta, og perspektivet er samarbeid denne typen institusjonar har med verda omkring. Vi støttar framlegga og har desse tilleggscommentarane:

- Det kan vere kunnskapsformidling frå kompetansemiljøet til bedrifter, men det kan i høgste grad også vere kunnskapsformidling den andre vegen, til glede for undervisning og forskning
- Gjennom eit godt samspel vil kompetansemiljøet bli i stand til å vere med i ein dialog om kva som er bedrifta sine behov og korleis dette kan løysast
- Bedriftene har eit særleg kompetansebehov innafor eitt eller fleire kjerneområde, men og på ulike generelle område slik som ikt, økonomi, organisering/leiing, framandspråk, jus, arbeidsmiljø etc. Dei fleste høgskular kan difor vere nyttige medspelarar for bedrifter
- Tiltak T: *"Økt samarbeid mellom utdanningsinstitusjoner, arbeidsliv og NAV, for å sikre relevansen og finansieringa av et desentralisert etter- og videreutdanningstilbud."*

I vedlagte notat er det nemnt at det no er universitet i åtte fylke, slik at dei universitetstilsette spreier seg ujamt ut over landet. Universitetet i Oslo sysselset t.d. om lag 7.100 av totalt 23.000 universitetstilsette i Noreg, medan dei om lag 11.500 høgskuletilsette i Noreg er relativt jamt spreidde på dei ulike høgskulane i fylka.

Om lag halvparten av HSF sine studentar på førskulelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning og praktisk pedagogisk utdanning er deltidsstudentar der undervisninga er desentralisert. Det same gjeld for vidareutdanningsstudentane. Landet kan vere i ferd med å få underskot på lærarar i løpet av nokre få år. Grunnskuleelevane i Sogn og Fjordane har i mange år prestert i landstoppen, trass i at kommunane er små og at fylket plasserer seg middels når det gjeld utdanningsnivået til foreldra. Vi meiner det tette og langvarige samarbeidet/dialogen kommunane har hatt med Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) og det store omfanget på desentralisert vidareutdanning, som det blir gjort årlege avtalar om, er viktige delar av forklaringa på dei sterke resultatane.

Det har vore stor interesse i kommunane og fylkeskommunen når det gjeld *entreprenørskap i skulen*. Aktiviteten på feltet er stor og Sogn og Fjordane er venteleg eit av dei fylka som har satsa sterkast på dette, i hovudsak finansiert av fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Satsinga vart omfattande evaluert av Kunnskapsparken i Bodø i 2009. Det er enno litt for tidleg å sjå i kva grad denne satsinga vil resultere i auka etableringsaktivitet.

- Tiltak V: *"Gi universiteter og høyskoler sterkere insentiver til å samarbeide med lokalt næringsliv om innretning og spesialisering av utdanningstilbudet tilpasset lokalt arbeidslivs behov"*

- Tiltak W: "Finansieringssystemet, herunder midler knyttet til satsingen på "Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon", må utformes slik at universiteter, høyskoler og instituttsektoren kan spille en sterkere rolle i lokal kunnskapsformidling, innovasjon og omstilling til kunnskapsintensivt næringsliv".

Så vidt vi forstår gjeld tiltak v og w mykje av det same. Vi ser behova og støttar framlegga. I det vidare arbeidet er det viktig å bli meir konkret på aktuelle insentiv og element i finansieringssystemet.

Utvalet nemner St.meld. nr. 30 (2008-2009) *Klima for forskning* som viktig når det gjeld utforming av eit finansieringssystem som skal stimulere til at UH og instituttsektoren kan spele ei sterkare rolle i lokal kunnskapsformidling, innovasjon og omstilling. Vi er samde i at forskning gjev ei aktuell tilnærming til problematikken, og då ikkje minst instituttsektoren. Vi meiner dei regionale forskingsstiftingane, som Vestlandsforskning er eit døme på, vil vere viktige aktørar i arbeidet med å byggje opp kompetansesarbeidsplassar i heile landet.

Når det gjeld statlege løyvingar til UH viser vi til St.prp. nr 1 for 2010 frå KD, s 267 – 275.

Med forskning som utgangspunkt kan både dei store og dei små og mellomstore høyskulane vere aktuelle medspelarar, men i varierende grad, avhengig av kor dei har bygt opp kompetanse. Fagmiljøa som kan drive FoU-arbeid vil først og fremst vere på dei fagfelte der institusjonane har studentar. I dagens statlege finansieringssystem får institusjonane ei tildeling som er tredelt:

- Basisløyving
- Løyving knytt til student-/kandidatproduksjonen
- Løyving knytt til forskingsproduksjonen

Løyvinga knytt til forskingsproduksjonen stimulerer samarbeid mellom den einskilde institusjon og andre liknande institusjonar ved at ein på den måten kan få eit sterkt samla fagmiljø som kan bli konkurransedyktig når det gjeld å produsere artiklar i fagtidsskrifta, få tilslag på søknader til Forskningsrådet osv. Vi har forstått det slik at kriteria som vert nytta for forskingskomponenten har effekt og har ført til mykje godt og verdfullt samarbeid mellom UH-institusjonane.

På tilsvarande måte kan ein etablere ein fjerde komponent som gjev kreditt for samarbeid med lokalt arbeidsliv.

Eit anna tiltak kan vere å auke storleiken på dei regionale forskingsfonda, som vart oppretta 1. januar 2009 med ein fondskapital på 6 mrd. kr. Region Vestlandet (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) fekk i 2010 ei tildeling på ca 30 mill. kr. av den samla avkastinga på 212 mill.

**Vi ønskjer også å kome med innspel til eit perspektiv som vi meiner kunne vore sterkare vektlagt i høyringsdokumentet:**

Utgreiinga kunne ha lagt større vekt på det potensiale for innovasjon og utvikling som kan følgje av eit konstruktivt samspel mellom personar og organisasjonar/verksemder. Korleis kan ein leggje til rette for at slike samspel skal bli innovative?

For å sikre at kompetansesarbeidsplassar vert spreidde i heile landet må ein sjå på både

- etableringar av private og offentlege verksemder
- konsolidering og utvikling
- omstillingar

Utvalet omtalar alle desse tre typane av utfordringar, i hovudsak knytt til dimensjonane "Jobbene", "Menneskene", "Stedene" – jf pkt 1.3.4. og kapittelinnendinga i kap 4.

Dette blir først og fremst ei individuell tilnærming, som i liten grad fangar opp perspektiv som er utvikla innafor teorifeltet lærande organisasjonar. Dette inneber at "*Organisasjonane/verksemdene*" og kunne ha vore teke med. Det er heller ikkje nokon omtale av sjølv kompetanseomgrepet, ut over det ein finn i pkt 1.2.

I litteraturen blir nemninga "*kunnskapsbedrifter*" ofte nytta. Ein organisasjon/bedrift kan ha mange tilsette med sterk teoretisk kompetanse gjennom høgre utdanning, utan dermed å fortene etiketten kunnskapsbedrift, slik dette omgrepet ofte vert nytta. Det er brei semje om at kjenneteiknet på ein kunnskapsbedrift er ei evne til å utvikle ny kunnskap ved å få til eit konstruktivt samspel mellom folk i og utanfor bedrifta, ikkje minst mellom folk som har ulik rolle og kompetanse. På denne måten kan ein skape ny kunnskap som er noko meir enn summen av det kvar einskild person har i utgangspunktet. I teorien kjem dette m.a. inn under omgrepet redundans. Når samspelet skjer mellom folk i ulike bedrifter, som gjerne er samlokaliserte, nyttar ein ofte omgrepet synergieffektar.

Campus Fosshaugane i Sogndal har hatt ein vekst og ei knoppskyting som etter vår meining *skuldast ein kombinasjon av fysiske forhold, type verksemdar og haldningane til dei tilsette*. Campus er difor eit godt døme på *kva tett samhandling kan gje av resultat*. Dette kjem i tillegg til det som er nemnt i boks 4.6 på side 88.

I Campus vil vi særleg trekke fram det samla miljøet knytt til idrett. Utgangspunktet var organisasjonen Sogndal fotball og fagmiljøet i idrett ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Samhandlinga har etter kvart ført til sterk auke i forskning, m.a. fleire doktorgradar, eksternt finansierte prosjekt, nye idrettsstudium / sterk auke i tal studentar og etablering av næringsverksemd knytt til helse og fysisk fostring. I sum er det no 97 tilsette innafor dette miljøet. Denne utviklinga er av stor prinsipiell interesse og kan, når forholda vert lagt til rette, og skje på andre fagområde enn idrett.

Vi meiner dei perspektiva som er nemnde under denne overskrifta er relevante særleg i forhold til tiltakspunkta l, t, v, w og z.

Med helsing

Anne Karin Hamre  
fylkesmann

Svein Helge Steinsåker  
rådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Vedlegg: Statstenestemenn i fylkene 2000, 2007 og 2010


## Statstjenestemenn i fylkene 2000, 2007 og 2010

Tala er henta frå vedlegg til FAD sine statsbudsjett for 2001, 2008 og 2011

### A Situasjonen i 2010

Det samla talet på statstjenestemenn 1.3. 2010 var ca 145 000 personar, som utførte ca 134 000 årsverk. Diagramma tek utgangspunkt i tal personar (ikkje årsverk).

#### Tal tenestemenn 1.3.2010



Alle departement er lokaliserte til Oslo. I alt var det 4 442 tilsette i departementa. Dette utgjør 11% av dei statstilsette i Oslo. I tillegg kjem m.a. tilsette i direktorata som i mange tilfelle utfører oppgåver som er flytta ut frå departementa.

Etter at Høgskulen i Bodø fekk universitetsstatus 1.1.2011 er det no universitet i åtte fylke. Dette er ein vesentleg del av forklaringa på at Troms, Nordland, Rogaland, Akershus, Hordaland og Sør-Trøndelag er blant dei fylka som har relativt mange statstilsette. T.d. er det ca 6 400 tilsette på NTNU, om lag halvparten av det samla talet for Sør-Trøndelag. Det er ca 7 100 tilsette på Universitetet i Oslo. I alt er det ca 23 000 universitetstilsette i landet, som tilsvarar 16% av alle statstilsette. Det samla talet på høgskuletilsette er ca 11 500, dvs halvparten så stort. Høgskuletilsette er relativt jamt spreidde.

Dei universitetstilsette spreier seg ujamnt ut over landet. Det gjer også dei ca 16 000 tilsette i forsvaret. Dette er ikkje spesifisert på fylka i tabellen.

Det var 1933 statstilsette i Sogn og Fjordane i 2010. Ein del etatar finst i alle fylke. Det gjeld m.a. NAV, høgskule, politi, Fylkesmann, skatt, vegdirektoratet. Det blir gitt fylkestal for dei fire første:




NAV	275
NAV Kontroll og innkrevjing	90
HSF	320
Politidistriktet	193
Fylkesmannen	119
SUM	997

**Dette utgjer 52% av det samla talet på 1933 statstilsette i fylket i 2010**

Det er relevant å sjå om tal statstilsette står i eit rimeleg forhold til folketalet.


### Andel tenestemenn dividert på andel av folketalet 2010



Det er naturleg å sjå Akershus og Oslo i samanheng. Samanslegne vil deira tal bli 1,5 som framleis vil vere høgst i landet, men ikkje mykje høgre enn Sør-Trøndelag.

## B Vekst i tal statstenestemenn


### Prosent vekst i tal statstenestemenn frå 1.3.2000 til 1.3.2010



Sama tal statstenestemenn har utvikla seg slik: 133 740 i 2000, 131 423 i 2007 og 144 959 i 2010. Dvs ein viss nedgang frå 2000 til 2007 og ein relativt kraftig auke dei tre siste åra. Fleire etatar har vore under nedbygging i perioden frå 2000. Det gjeld m.a. Posten og Forsvaret. (Televerket?)


Universitetsutbygginga i Trondheim og i Troms står venteleg for ein vesentleg del av forklaringa på den kraftige veksten i desse to fylka. Nedbygging i Forsvaret har venteleg slått kraftig ut i Finnmark. Vi registrerer at Sogn og Fjordane hadde ein ørliten vekst frå 2000 til 2010.

### Prosent vekst tenestemenn frå 1.3.2007 til 1.3.2010



Samla vekst i dei tre åra frå 2007 til 2010 var over 10%. Den høge prosentvise veksten i Aust-Agder er på 258 personar. Fem kommunar har færre enn i 2007, men Lillesand (+134) og Arendal (+114) har langt fleire. Sjølv om Aust-Agder har hatt kraftig vekst, viser dei første diagramma at dei har lægst prosent statstilsette og at dei i forhold til folketallet ligg på eit gjennomsnitt. Sogn og Fjordane ligg i nedste delen av diagrammet ovanfor.

## Prosent vekst frå 2000 til 2010 (Serie 1) og frå 2007 til 2010 (Serie 2)



---

**Fra:** Steinsåker Svein Helge  
**Sendt:** 30.08.2011  
**Til:** Postmottak KRD  
**Kopi:**  
**Emne:** Høyring NOU 2011:3 - Tilleggsnotat til høyringsfråsegn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

---

Hei,

Tilleggsnotat til høyringsfråsegn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til vår høyringsuttale med vedlegg (datert 9. august 2011), og sender her over eit tilleggsnotat til høyringsfråsegna vår.

Vedlagde tilleggsnotat inneheld presiseringar i høve tal og statistikk i vår tidlegare oversending, og vi ber om at notatet vert lagt ved høyringsfråsegna frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Helsing,

**Svein Helge Steinsåker**

rådgjevar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

tlf. 57 64 30 06

fmsfshs@fylkesmannen.no <mailto:tso@fmsf.no>

www.fmsf.no <http://www.fmsf.no/>

P Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten



Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

## **Tillegg til oversendt vedlegg for høyringsfråsegn til NOU 2011:3 Kompetansesarbeidsplassar - drivkraft for vekst i heile landet**

Vi viser til vår oversending av høyringsfråsegn med vedlegget "Statstjenestemenn i fylkene 2000, 2007 og 2010", datert 9. august.

I nemnde vedlegg har vi teke utgangspunkt i det som i FAD sine tabellar er oppført som det samla talet på statstjenestemenn. Dette samla talet er 133.740 for år 2000, 131.423 for 2007 og 144.959 for 2010. Summen av fylkestala desse åra er noko lægre enn det samla talet statstjenestemenn. Vi har berre framstilt tala i diagram, så dette vil ein ikkje kunne sjå av notatet. For ordens skuld ønskjer vi difor å gje ein tilleggskommentar til vårt vedlegg.

Tala for 2007 og 2010 er [tilgjengelege på internett](#), som vedlegg til FAD sin budsjettproposisjon for 2008 og 2011. Tala for 2000 har vi fått tilsendt frå FAD i eigen ekspedisjon.

Tala i tabellen nedanfor er *ikkje* med i fylkestala, jf. siste del av FAD sine tabellar. Den klart største kategorien er "Uoppgitt kommune / fylke". Dersom det hadde vore mogleg å fordele dei uoppgitte på fylka – og dei uoppgitte er nokolunde jamt fordelte – ville diagrammet i vårt vedlegg blitt lite endra:

Fylke / kommune	2000	2007	2010
Svalbard og Jan Mayen	153	70	88
Utanriks tenestemenn	625	659	654
Uoppgitt i kommune / fylke	23.071	14.617	16.110
Sum	23.849	15.346	16.852

Med helsing

Anne Karin Hamre

Svein Helge Steinsåker  
rådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.